

Kategori: []	Gyldig fra/til: 03.10.2022/03.10.2024
Organisatorisk plassering: Helse Bergen HF/Fellesdokumenter/Ledelse og styringssystem	Versjon: 1.02
Godkjenner: Marta Ebbing	Retningslinje
Dok. ansvarlig: Kari Sygnestveit	Dok.id: D60665

Bakgrunn

Helse Bergen sin [Ernæringsstrategi \(2017–2022\)](#) pekar på prioriterte grupper og arbeidsområder som er forankra i nasjonale føringar og i det nasjonale Pasienttryggleiksprogrammet. Strategien synleggjer ei rekkje mål for mat- og ernæringsarbeidet, og det er skissert ein organisasjonsmodell for korleis følgja opp Ernæringsstrategien. Det skal etablerast eit rådgjevande organ for leiinga ved Helse Bergen innan mat- og ernæringsarbeidet, kalla Fagrådet for ernæring. Fagrådet for ernæring skal vera organisert under Forskings- og utviklingsavdelinga (FoU) og ha tversgåande representasjon frå ulike fagområde og profesjonar. Ordninga med ernæringskontaktar vert vidareført.

Hensikt

Fagrådet for ernæring skal vera eit rådgjevande, utgreiande og informerande organ for fagdirektør og føretaksleiinga i Helse Bergen i saker som gjeld mat- og ernæringsarbeidet. Vidare skal Fagrådet for ernæring bidra til at Helse Bergen sin ernæringsstrategi vert følgt opp.

Mandat og arbeidsform

Fagrådet for ernæring skal:

- rådgje føretaksleiinga, fagdirektør og FoU-avdelinga i saker som gjeld mat- og ernæringsarbeidet ved Helse Bergen
- bidra at Helse Bergen sine retningslinjer og prosedyrar er i tråd med nasjonale føringar
- bidra til årlege ernæringsfagdagar

Fagrådet for ernæring møtes minimum to gonger i året. Ei kjernegruppe av medlemmer møtes minimum seks gonger i året. Kjernegruppa har ansvar for å utarbeide årlege handlingsplanar for oppfølging av ernæringsstrategien og sikre framdrift i samsvar med denne. Referat frå møta vert distribuert til medlemmene, til Fagdirektør og blir delt på [fagrådet si side på Innsiden](#).

Leiar og sekretær av Fagrådet for ernæring har dialog med Fagdirektør ved behov. Saker som må diskutast og/eller avgjerast i Føretaksleiinga vert meldt på vanleg måte.

Samansetning, oppnemning og funksjonstid

Fagdirektør utnemner medlemmer til Fagrådet for ernæring etter råd frå aktuelle nivå 2-leiaarar.

Ulik kompetanse skal vera representert. Medlemmene skal ha relevant klinisk/praktisk erfaring og fortrinnsvis vera fast tilsette i Helse Bergen. Brukarutvalet og Ungdomsrådet skal være representert. Universitetet i Bergen blir invitert til å delta med ein representant.